
Saksnr: 2020/72391-6
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		06.10.2021

Vurdering av søknader utanom etablerte søknadsordningar - overskotsmidlar 2020

Forslag til vedtak

1. Det vert sett av 600 000 kr til prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» for 2023-2024. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte når status for åra 2021 og 2022 er kjent, og på bakgrunn av ei tydeleg forankring og samarbeid i partnerskapen.
2. Det vert sett av inntil 3,5 mill kr til støtte til fellespakkeri for frukt og bær i Nordfjord, jf søknad frå Innvik Fruktlager. Dette føreset støtte frå andre aktørar, jf finansieringsplanen. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte, og høve til å setje nærmare vilkår for støtta.
3. Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.
4. Invest in Bergen vert tildelt inntil 450 000 kr til prosjektet «Ocean Innovation Showroom» - eit visningssenter for havnasjonen Norge, fase 2.
5. Stad kommune vert tildelt inntil 500 000 kr til prosjektet «Ringverknadar Stad Skipstunnel fase 1», under føresetnad av at dei tre kommunane i prosjektet også går inn med midlar.
6. Det vert sett av 500 000 kr til støtte til konferansar. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
7. Det vert sett av inntil 200 000 kr til å støtte mindre søknader. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
8. Dei resterande 2 mill kr vert disponert i seinare sak i hovudutval for næring.
9. Fylkeskommunedirektøren får høve til å setje nærmare vilkår i tilskotsbrev.

Samandrag

Saka gjeld fordeling av midlar sett av til diverse søknadar innan innovasjon og næring, jf sak i fylkestinget 16. juni, PS 30/2021. Det vert her hovudsakleg vurdert søknader som har kome til utanom etablerte søknadsordningar. Fylkeskommunen har elles fått henvendelsar og søknadar om mindre beløp til ulike samarbeid og konferansar. Desse er omtala samla og ikkje vurdert kvar for seg.

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef naturressursar, landbruk
og reiseliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

1. Bakgrunn for saka

Innovasjon og næring har fått stilt til rådvelde 10 mill. kr til søknader innan næring som har kome inn utanom etablerte søknadsordningar. Desse midlane vart sett av i samband med sak om overskotsdisponering 2020 som var oppe i fylkestinget i juni 2021, PS 30/2021. Hovudutval for næring har fullmakt til å forvalte desse midlane.

Vi tek med følgjande frå saksframstillinga til saka som vart behandla av fylkestinget i juni: «Fylkeskommunen har fått inn ei rekkje søknader om tilskot; innan kultur- og næringsfeltet. Dette gjeld søknader utanom dei faste søknadsordningane. Ut frå det store søknadsomfanget, og at fagutvala har best innsikt i kva søknader som bør prioriterast, foreslår fylkesrådmannen at det vert sett av midlar som hovudutvala kan prioritere innanfor. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 10 mill. kr til kvart av hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for næring.»

Fylkeskommunen har mange søknadsordningar, men frå tid til anna kjem det søknader som ikkje er ruta inn mot dei etablerte søknadsordningane - og det er desse søknadane vi har vurdert i denne saka. Vi har naturleg nok ikkje teke oppatt behandlinga av søknader og saker som er vurdert tidlegare og har fått si avgjerd gjennom saker til hovudutvalet. Men ut frå ein fagleg synsstad ser vi at vi innan etablerte søknadsordningar ikkje finn rom til å støtte ein del gode tiltak. Så vi får også ha det i tankane når vi vurderer desse søknadane som har kome inn utanom etablerte støtteordningar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

10 mill. kr som er stilt til rådvelde gjennom sak i fylkestinget i juni.

Klima:

I samsvar med overordna føringar.

Folkehelse:

I samsvar med overordna føringar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I samsvar med overordna føringar.

2. Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket - Vestland bondelag

Bakgrunn

Den 21. juni 2019 gjorde Norges Bondelag, og Norsk Bonde- og Småbrukarlag avtale med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon frå jordbruket i perioden 2021-2030. Målet er eit mest mogleg klimavenleg og berekraftig jordbruk. Som svar på avtalen som vart inngått i juni 2019, har landbruket utarbeidd sin klimaplan. Bøndene i Vestland må bidra til å nå måla i klimaavtalen. Dette vil krevje mykje av den einskilde bonde og næringa samla.

Mykje arbeid blir gjort for å redusere klimaavtrykket frå landbruket. Gjennom eit forprosjekt støtta av regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket, har Vestland Bondelag på vegne av partnerskapen arbeidd med å kartlegge kva som blir gjort for å redusere klimaavtrykket frå landbruket i Vestland, og finne ut om vi må initiere spesifikke Vestland-tiltak for å nå målsetjingane for eit klimatilpassa landbruk i Vestland. I dette låg også å vurdere trong for eit eige klimaprojekt i Vestland og innhald i eit eventuelt prosjektet.

Omtale av søknaden

I vår kom det inn søknad om tilskot til hovudprosjektet frå Sogn og Fjordane Landbrukssekselskap som representant for landbruket i Vestland. I hovudprosjektet er det lagt opp til eit treårig prosjekt med ein klimakoordinator i 100% stilling. Klimakoordinatoren skal koordinere klimaarbeidet som rettar seg mot bonden og gardsdrifta hans. Klimakoordinatoren skal bidra til å etablere og drifte ein klimaportal for vestlandsbonden der all informasjon om klimatilpassing og klimatiltak er tilgjengeleg og alle rådgjevingstilbod vert samla. Klimakoordinatoren skal også mellom anna arbeide for at bøndene nyttar Regionalt miljøprogram-ordninga for klimarådgjeving som statsforvaltaren forvaltar, initiere eit årleg seminar/konferanse og identifisere trongen for FoU-arbeid. Prosjektperioden er planlagt å vare frå 1.10.2021 til 31.12.2024.

Kostnads og finansieringsplan frå søknaden:

Kostnadsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
1 Lønnskostnad prosjektleiar	193 000	770 000	770 000	770 000		2 503 000
2 Kontor/teknisk	12 000	48 000	48 000	48 000		156 000
3 Reise/aktivitet	20 000	100 000	110 000	111 000		341 000
Sum kostnad	225 000	918 000	928 000	929 000		3 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2021	2022	2023	2024	2025	SUM
* Regionale tilretteleggingstiltak	200 000	200 000	200 000	200 000		800 000
1 Statsforvaltaren Vestland		150 000	150 000	150 000		450 000
2 Vestland Fylkeskommune		200 000	200 000	200 000		600 000
3 Eigeninnsats Vestland Bondelag		100 000	100 000	100 000		300 000
4 Eigeninnsats Landbruksråd Vestland		100 000	100 000	100 000		300 000
5 Eigeninnsats bønder	50 000	100 000	100 000	100 000		350 000
Gjensidige Bærekraftsfond		50 000	50 000	50 000		150 000
Sparebank eller tilsvarande		50 000				50 000
Sum finansiering	250 000	950 000	900 000	900 000		3 000 000

Finansieringsplanen føreset at Statsforvaltaren og Fylkeskommunen går inn med "frie" /ekstra midlar i samsvar med linje merka 1 og 2.

Dersom dette ikkje er mogeleg ber vi om at omsøkte beløp av RT-midlar vert utvida tilsvarende.

I tillegg til 800 000 kr som det er søkt om frå regionale tilretteleggingsmidlar innan landbruket (RT), er det lagt inn finansiering frå det som er omtala som «frie midlar» frå fylkeskommunen på kr 600 000 kr. Normalt finansierer ikkje fylkeskommunen prosjekt både med RT-midlar og andre finansieringskjelder. Den samla summen det er søkt fylkeskommunen om, 1,4 millionar, er høg i høve til RT-midlane - og vi fann ikkje rom for å dekke alt gjennom RT-midlar. Søkjar har særskilt stila deler av denne summen, 600 000 kr, mot andre midlar. Og søknaden vert følgjeleg vurdert i denne saka. Dei omsøkte kr 800 000 frå RT-midlar er tildelt, så vi vurderer no dei resterande kr 600 000.

Vurdering av prosjektet

Klimaarbeidet i landbruket er viktig. Mykje skjer allereie i dei ulike organisasjonane i dag. Det er viktig at ein klarer å arbeide koordinert, samla og lære av kvarandre. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har mål om at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp. Dette er også føreslått som mål i den nye regionale planen for innovasjon og næringsutvikling. Handlingsplan for landbruk i Vestland har som eit av hovudmåla å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø- og klimavenleg måte og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar.

Gjennom regionale tilretteleggingsmidlar frå landbruket har vi støtta første del av prosjektet; oktober til desember 2021 og heile 2022, med 600 000 kr frå RT-midlane. Dei to siste åra av prosjektet har ikkje fått finansiering frå fylkeskommunen per no. Vi har sagt at prosjektet mellom anna må vise betre forankring i dei ulike landbruksorganisasjonane, for å få støtte til dei to siste åra. Det er ynskjeleg at prosjektet også koplpar seg på prosessen med ny regional plan for klima, som ein ressurs knytt til kopling mellom klimaavtalen nasjonalt og målsetjinga regionalt. Dette er eit viktig arbeid som vi har stor tru på. Vi tek til orde for at det vert sett av midlar til prosjektet frå 2023 som dei kan få tildelt når dei viser tydelegare forankring og samarbeid i partnerskapen, samt kopling til klimaplanarbeidet.

Konklusjon

Det vert sett av 600 000 kr til prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» for 2023-2024. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte når status for åra 2021 og 2022 er kjent, og på bakgrunn av tydeleg forankring og samarbeid i partnerskapen.

3. Fellespakkeriet i Nordfjord - Innvik Fruktlager sa

Bakgrunn

Innvik Fruktlager sa har sendt ein søknad datert 14.04.2021 om støtte til Fellespakkeriet i Nordfjord. Dei søker Vestland fylkeskommune om 7,5 mill. kr. til prosjektet. Fruktlageret har trong for å utvide for å ta i mot auke i framtidig frukt volum. Søknaden blei sendt utanom etablerte støtteordningar, og blir difor vurdert i denne saka.


Vestland er den største regionen i landet innan produksjon av frukt og bær. Det er venta ein stor auke i etterspørsel etter frukt og grønt nasjonalt i åra framover og det er venta auka omsetning, også gjennom foredling og direktesal.

Næringa i Vestland har mange og små bruk, og har tradisjonelt vore organisert gjennom felles pakkeri. Pakkeria har utvikla seg ut frå behov for samarbeid, og felles infrastruktur. Pakkeria har også vore naudsynnte miljøbyggerar, og har mellom anna fungert som kompetanseutviklar, samordnar for felles satsingar, produktutvikling og profilering. Næringa har klart seg godt i ein lengre periode, men det er no press på næringa for å gjere endringar og investeringar. Det er stor utbygging på det sentrale Austlandet som vil gje store forandringar i produksjonsområde, og i marknadsbalanse mellom regionane. Større produksjonseiningar nær dei store byane og auka krav frå marknaden om fleksible pakkeri, samt den venta volumauken gjer at trongen for investeringar og effektivisering er stor. Som følgje av små bruk, er samarbeid om omsetjingsleddet ekstra viktig for å sikre økonomien til bøndene, både på kort og litt lenger sikt.

Omtale av søknaden

Stor planting av plomme og eple dei siste åra har ført til ein stor vekst i produksjonen i Nordfjord, noko som gjer at Innvik Fruktlager ser behov for å utvide for å handtere det auka frukt volumet som kjem inn. Fruktlageret opplyser at den venta veksten er på 50% (300 000 kg) auke i plomme og 200% (650 000 kg) for eple fram mot 2025. Det er venta ein ytterlegare auke i eplevolum frå 2025 til 2030. Fruktlageret har også mål om å halde på kvantumet bringebær, og posisjonen som Noregs største bringebærpakkeri. Fruktlageret meiner at eit solid mottak for frukt- og bær i nærrområde vil vere avgjerande for at bonden skal våge å satse på auka produksjon, og det vil også tryggje og skape nye arbeidsplassar. Innvik Fruktlager har i dag tre tilsette på heiltid og 12-15 arbeidarar i sesong. 67 aktive produsentar i fire kommunar leverer til fruktlageret.

Det er særleg nokre veker kvart år at innkomande volum vil overstige pakkekapasiteten og kjøleromkapasiteten som er i dag. Tabellen under viser produksjon i dag og framover med dagens maskinpark. Søylen viser volum per veke i 2018 (blå), 2020 (raud) og 2025 (grøn). Lilla line viser pakkerikapasitet.



Prosjektet omfattar ei utviding av bygningsmassen hjå Innvik Fruktlager med om lag 860 m2 for å få nok kjøleromskapasitet, fryseromskapasitet, emballasjelager og stor nok hall til ei større fruktpakkemaskin. Totalbudsjettet er førebels kalkulert med 29 mill. kr. I tillegg til finansiering frå fylkeskommunen er det lagt opp til finansiering frå Innovasjon Norge, Stryn kommune, eigenkapital frå produsentar og ein lånesum.

Budsjett og finansieringsplan:

Totalbudsjett for fellespakkeriet Innvik Fruktlager

Utviding av tomt	1 500 000
Bygg 850m2	8 500 000
Oppgradering «gamledelen»	4 000 000
Port, lasterampe og fasade butikk	2 500 000
Pakkefinje	5 500 000
ULO-lager	500 000
Oppgradering av frysemedie	1 500 000
Kjølerom	2 795 000
Butikkinnredning/lager + kasse/disk	1 500 000
Asfaltering / uteområde, grøntareal	655 000
Totalt	29 000 000

Finansieringsplan

Tilskot Stryn Kommune	5 000 000
Tilskot Vestland Fylke	7 500 000
Tilskot Innovasjon Norge	3 000 000
Eigenkapital produsent	2 000 000
Lånebehov	11 500 000
Totalt	29 000 000

Ved søknaden ligg ein uttale frå Stryn kommune om at dei støttar søknaden og er svært positive til ei utbygging i Stryn. Kommunestyret handsama søknaden i juni og vedtok då å jobbe vidare med å forhandle fram ei avtale som sikrar Innvik Fruktlager areal for utviding. Det er då snakk om ei grunninnløyising der kommunen står som eigar vidare. Innovasjon Norge handsamar saka og gjer vurderingar av lønsemda i prosjektet etter handsaming i andre organ.

Målet med utvidinga er å ta unna vekst i produksjon frå produsentane og auke volumet som går gjennom pakkeriet.

Vurdering

Frukt, bær og grønt er ei viktig næring i fylket. Eit av hovudmåla i handlingsplan for landbruk i Vestland for 2021 er å bidra til vekst slik at Vestland held posisjonen som størst innan frukt og bær. Produksjonane skjer ofte i kombinasjon med andre landbruksproduksjonar, og er også viktig for andre deler av landbruket. Forbruket av frukt, bær og grønt er i stor vekst, og alt tyder på at dette vil halde fram. Gartnarhallen har i sin strategi frå 2019 eit hovudmål om å styrke konkurransekrafta for norsk frukt og grønt, som skapar ein omsetningsvekst for Gartnarhallen på 150% frå 2016 til 2030. Det vil vere viktig for næringa i fylket å kunne ta marknadsdelar i denne veksten. Det er trong for store investeringar både i tenelege anlegg og nyplanting for å ikkje tape marknadsdelar mot andre deler av landet, og for å kunne ta unna den auken i produksjon som allereie er planlagt (planta tre).

Det er ikkje tvil om at investeringar i næringa er viktig, og for at Innvik Fruktlager skal kunne ta unna vekst i produksjonen ser vi behovet for investeringar, omstrukturering eller andre grep.

Verken Hordaland eller Sogn og Fjordane fylkeskommunar har støtta fysiske investeringar i fruktlager tidlegare med unnataket av tilskotet til fellespakkeriet på Håbakken i Lærdal. Normalt har det vore Innovasjon Norge som støttar investeringsprosjekt i fruktlagera. Pakkeriet på Håbakken var ei sak fylkestinget i Sogn og Fjordane løfta fram politisk i samband med handsaming av ein tertialrapport i 2019. Mange aktørar strekte seg langt for å få til ei løysing for satsinga som var støtta av mellom anna Sogn og Fjordane Bondelag og Gartnarhallen. Det var ei ekstraordinær satsing.

Gjennom etableringa på Håbakken nådde ein eitt av dei viktigaste måla i omstillingsarbeidet i Lærdal som gjekk frå 2012-2018, og der arbeidet med ei utvida satsing på Håbakken var heilt sentralt. Til tilskotet var det stilt eit vilkår om fusjon og etablering av ei større eining. Innvik Fruktlager valde etterkvart å ikkje bli med vidare i dette prosjektet, medan to selskap i Sogn slo seg saman. Pakkeriet på Håbakken har kapasitet til å ta i mot auka volum, og det er teke høgde for at fleire selskap kan bli med seinare. På Håbakken er fylkeskommunen og Innovasjon Norge samla inne med knappe 39% av finansieringa av pakkeridelen av prosjektet (butikkdelen er halden utanom), Innvik fruktlager har søkt dei to aktørane om vel 36% av finansieringa av si utbygging (ein mindre butikkdel er inkludert). Fylkeskommunen er søkt om ca. 26% i begge prosjekta. Det må vurderast prinsipielt om fylkeskommunen skal støtte investeringa i etablerte einskildfruktlager, men i tilfelle ein ynskjer å gjere det, så meiner vi det ikkje er naturleg med same finansieringsdel som i eit større fellesprosjekt der det er lagt opp til å ha ledig kapasitet.

Sjølv om det er stor trong for investeringar i næringa er det prinsipielle spørsmål knytt til korleis fylkeskommunen skal nytte sine verkemiddel. Støtte av fysiske investeringar i einskilde fruktlager vil vere ei kursendring frå praksis i begge dei gamle fylka, og dersom ein skal gå den vegen burde ein i prinsippet hatt tilstrekkeleg midlar i ei etablert ordning som var tilgjengeleg for alle aktuelle aktørar slik at vi sikrar lik informasjon og lik handsaming. Dersom fylkeskommunen hadde ei opa utlysing på dette, så kunne det godt tenkast at også andre aktørar i fylket ville søkt om støtte. Innovasjon Norge er fylkeskommunen sitt verktøy til bedriftsretta støtte, og i prinsippet skal fylkeskommunen prioritere tilretteleggande tiltak og fellestiltak. Kapasitetsutfordringane er særleg tydeleg nokre veker i året og det kunne vore mogleg å sjå på om eit samarbeid kunne løyse nokre av desse utfordringane.

Det er eit stort behov for eit stort løft i satsinga på frukt og grønt i Vestland, vi føreslår at det blir lagt til rette for eit samlande prosjekt for at Vestland skal ta sin del av veksten som er venta i frukt og grøntnæringa. Meir om dette i kapittel under her.

Som det framgår ovanfor er det Innovasjon Norge som er vår operatør for bedriftsretta verkemiddel. Men dersom fylkeskommunen skal engasjere seg direkte i einskilde fruktmottak burde det reint prinsipielt vorte etablert ei støtteordning der fleire kunne syne si interesse. Og utan dei tildelte 10 mill kr frå fylkestinget ville avdelingsdirektøren finne det vanskeleg å tilrå støtte til einskildmottak. På den andre sida ønskjer vi å støtte opp under gode initiativ som styrkar verdiskapinga innan frukt og bær. Og vi går ut frå at det på politisk nivå er tenkt tankar i dei baner då innovasjon og næring vart tilført dei nemnde 10 mill kr. På bakgrunn av dette legg vi til grunn at det vert sett at 3,5 mill kr i støtte til fellespakkeri for frukt og bær i Nordfjord.

Konklusjon

Det vert sett av 3,5 mill kr til støtte til fellespakkeri for frukt og bær i Nordfjord, jf søknad frå Innvik Fruktlager. Dette føreset støtte frå andre aktørar, jf finansieringsplanen. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte, og høve til å setje nærmare vilkår for støtta.

4. Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt

Omtale og vurderingar

Som omtala i kapittel ovanfor der det eit behov for eit stort løft i satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland, og vi tek til orde for at det blir lagt til rette for eit samlande prosjekt for at Vestland skal ta sin del av veksten som er venta i frukt og grønt. Då får vi sett tiltaka samla for heile fylket. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slår fast at dersom Vestland fylke skal ta del i denne ambisiøse og nasjonale satsinga og få sin relative del av auken, er det viktig med ein koordinert vekststrategi i fylket.

Den tilrådde løysinga for å løfte frukt og grønt Vestland er å setje av ressursar til eit samlande overbyggane prosjekt med ulike delprosjekt innan til dømes kartlegging av hindringar og moglegheiter for vekst, mobilisering for auka planting, og andre tiltak ei kartlegging identifiserer behov for. Alle tiltak med mål om at Vestland skal halde på posisjonen som leiande på frukt og bær, og sørgje for at Vestland tek sin del av den venta veksten i marknaden. I dette prosjektet tenkjar vi å arbeide tett saman med næringa, Statsforvaltaren og Innovasjon Norge. I møte i landbrukspartnerskapen 14.september vart det delt tankar kring eit slikt Vestlandsprosjekt. Og ei slik satsing må sjåast i samanheng med den temaplanen for landbruk som skal utarbeidast.

Konklusjon

Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.

5. Visningssenter for havnasjonen Norge - Invest in Bergen

Bakgrunn

Havet og havøkonomien har i århundrar vore viktig for oss, og i Norge har vi gjennom fleire generasjonar utvikla kompetanse, produkt, tenester og teknologiar innan havnæringene. Det nære samarbeidet mellom bedrifter, kunnskapsmiljøa, arbeidstakarar og styresmakter har spela ein viktig rolle i den historiske utviklinga av Norge som havnasjon.

Regjeringa ønskjer å synleggjere løysingar som bidreg til ein berekraftig bruk av havet for auke i eksport og utvikling av ny næringsverksemd i Noreg. Ein ynskjer og å auke investeringar i forskning og utvikling. Føremålet er å auke eksport av løysingar som bidreg til berekraftig bruk av havet sine ressursar globalt og bidra til at Noreg blir attraktivt for internasjonale investorar.

For å bidra til å realisere regjeringa sine ambisjonar om auke i synleggjering av norske berekraftige løysingar, har ei rekke aktørar innan havnæringane gått saman om eit prosjekt for eit visningssenter for havnasjonen Norge med arbeidstittel Ocean Innovation Showroom.

Vestland fylkeskommune og Bergen kommune ynskjer å fremje havbyen Bergen, eit begrep som inkluderer heile fylket og ikkje berre byen. I fylkeskommunen sin Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2023 er merksemdas mellom anna det på å syne regionen sine sterke næringar og innovative og berekraftige løysingar, noko som er kjernen i eit framtidig visningssenter skal få fram. Det å overføre kunnskap og kompetanse mellom havnæringane vil og bli sentralt i eit framtidig visningssenter. I planen er det og lagt vekt på korleis Norge kan auke eksporten, og det vil være essensielt for bedrifter som ynskjer å vere med i eit visningssenter.

Bergen kommune har teke initiativ til Havbyen Bergen-prosjektet, der målet er å byggje kunnskap om byen og regionen sine sterke havnæringar, havforskning og dei kompetansemiljøa som er på universitet og høgskuler innan desse næringane. Eit framtidig Visningssenter for havnasjonen Norge vil vere det fremste beviset på at byen og regionen faktisk er ein havby og havregion. I eit slikt senter skal regionen og nasjonen sine teknologiske nyvinningar visast. Det er og lagt opp til at deler av senteret sine løysningar skal kunne brukast digitalt, slik at det kan vises over alt, men må likevel ha ein klar forankring i havbyen.

Omtale av søknaden

Det vert søkt om kr 450 000 i tilskot til prosjektet Ocean Innovation Showroom - eit visningscenter for havnasjonen Norge - fase 2.

Ein ønskjer å utvikle eit visningscenter for havnasjonen Norge som skal vise berekraftige produkt, teknologiar og tenester innan havnæringane sjømat, energi og maritim - og bidra til auka eksport og styrka forretningsmoglegheiter for norsk industri. Digitale visningsløysingar skal gjere senteret tilgjengeleg uavhengig av lokasjon slik at interessentar over heile verda skal kunne sjå, oppleve og få informasjon om norske berekraftige løysinga innan havnæringane. På denne måten vil det nasjonale visningscenteret bidra til å styrke Noreg si rolle som havnasjon og Bergen som havbyen.

Ved prosjektstart i 2018 vart det planlagt for 3 prosjektfaser: fase 1 avklaringsfasen, fase 2 prosjektfasen og fase 3 ferdigstillingsfasen. Den første fasen er no sluttført og det er avklart interesse for prosjektet, utarbeida ein overordna strategi og ambisjoner for senteret med skisser for konsept, forretningsmodell og budsjett.

For å nå målsetninga i prosjektet skal det etablerast eit fysisk visningscenter for havnasjonen Norge lokalisert i Bergen. Senteret skal ha digitale visningsløysingar for å syne framtidretta berekraftige produkt, teknologi og tenester innan havnæringane sjømat, maritim og energi og dermed være ein attraktiv arena og eit verktøy for bedrifter innan havnæringane til å syne fram sine løysingar overfor aktørar som ønskjer meir kunnskap om havnæringa. Søkjar er Invest IN Bergen, som er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og kommunar der ein arbeider med å få fleire investeringar og etableringar til regionen. Administrasjonen til Invest IN Bergen er lagt til Vestland fylkeskommune.

Visjon for prosjektet er at Ocean Innovation Showroom skal fremje norske løysingar innan havnæringane globalt for økt berekraft i bruk av havet sine ressursar - «Ocean Innovation Showroom Pioneering Sustainability».

Ocean Innovation Showroom skal vere eit nasjonalt senter for visning av teknologi, produkt og tenester i dei norske havnæringane som auker forretningsmoglegheiter for norsk industri, aukar eksport av berekraftige løysingar, profilerer Norge som havnasjon og fasiliterer mottak av delegasjonar.

Som utgangspunkt er det definert eit areal for visningscenteret på 200 m² med moglegheit for ekspansjon. Det skal være eit utstillingsområde med digitale visningar, interaktive utstillingar og noko fysisk utstillingsmateriell. I tillegg til sjølve utstillingsområdet må det være ein resepsjon eller mottakingsareal, samlingsstad eller seminarrom der ein kan halde presentasjonar samt praktiske fasilitetar som toalett og garderobe. Det bør og vere tilgang til kafé eller catering.

Ei samlokalisering med relevante samarbeidsaktørar kan vere positivt i den vidare utviklinga av Ocean Innovation Showroom. Det kan og vore ein fordel å vere del av eit større innovativt økosystem innan hav bae for måloppnåing for visningscenteret og for å få større merksemd og kundegrunnlag. I tillegg kan det bli økonomiske gevinstar og andre synergieffektar ved samarbeid om fellesfunksjonar i ei samlokalisering.

Visningscenteret ser føre seg fleire kundegrupper;
 Offentlege verksemdar, Innovasjon Norge, næringsforeningar og -klynger
 Næringsliv - Leverandørindustrien
 Næringsliv - Dei store lokomotivbedriftene
 Delegasjonar nasjonalt og internasjonalt

Budsjett

Prosjektbudsjett fase 2

I denne prosjektfasen vil dei største kostnadane vere knytt til prosjektleiing og kjøp av eksterne tenester. Merk at budsjett og tidsplan er tona noko i høve prosjektbudsjett presentert i sluttrapporten.

PROSJEKTBUJSJETT FASE 2

KOSTNADER	NOK
Prosjektledelse	800 000
Kjøp av eksterne tenester: utstillingsdesigner og arkitekt	300 000
Kjøp av eksterne tenester: visualisering og digitale visningsformer	300 000

Egeninnsats (timer) initiativtakere og partnere	200 000
Totalt	1 600 000

FINANSIERING	NOK
Vestland fylkeskommune	450 000
Bergen kommune	300 000
Innovasjon Norge	450 000
Invest in Bergen	200 000
Egeninnsats (timer) initiativtakere og partnere	200 000
Totalt	1 600 000

Vurderingar

Gjennom retting mot berekraftig omstilling har Vestland fylkeskommune tre tunge initiativ som særleg står oppunder etablering av «Havbyen Bergen». Desse er «Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» som er som er forankra i «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024», Vestland scenarioa 2020 som peikar på dei viktigaste omstillingsområda og ei eiga marin fylkeskommunal satsing.

Prosjektet er forankra i målsetjinga i handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling: «*Vestland har mål om å vera Europas leiande region for innovasjon, forskning og utdanning knytt til havnæringar og fornybar energiproduksjon.*»

Tiltaket støtter opp om FN sine berekraftsmål og strategiar i utviklingsplanen for Vestland, visjonen om å vere nyskapande og berekraftig. Prosjektet gjev meirverdi for brukarane våre - kommunar, næringsliv, organisasjonar og er bidrag til å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Det kan vere ei fornuftig løysning å etablere eit slikt senter i ein synergi med andre aktørar.

Ei etablering av eit slikt senter kan vere viktig både for Vestlandet og Noreg. Senter vil gjere det mogleg for våre næringar å syne seg fram samtidig som det kan bli eit senter for internasjonale delegasjonar. Det vil vere ei stryke for ei slik etablering at det blir ein synergi med andre naturlege institusjonar som til dømes akademia og det nye akvariet og Havbyen Bergen. Vi kan pr no ikkje signalisere støtte til fase 3, men kan gå inn med støtte til fase 2.

Konklusjon

Det vert tildelt kr 450 000 i tilskot til prosjektet Ocean Innovation Showroom - eit visningscenter for havnasjonen Norge - fase 2.

6. Søknad om tilskot til prosjekt for å realisere ringverknader av Stad skipstunnel - Stad kommune

Bakgrunn for saka

Det er gjort vedtak om at Stad skipstunnel skal byggast, og arbeidet er venta ferdig ein gong i 2025/2026. Tunnelen blir det første i sitt slag og vil gje trygg lei for skip som elles må segle rundt eit utsett kystparti.

Kommunane Stad, Kinn og Vanylven ynskjer å samarbeide for å greie ut ringverknadane av tunellen når den står klar. Det er store forventningar lokalt og regionalt om effekten, både av sjølve arbeidet og bruken av byggverket når det er klart. Kommunane har derfor søkt Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om støtte til eit langsiktig utviklingsprogram for å realisere ringverknadane. Prosjektsøknaden skildrar ein forstudie som skal gjennomførast i perioden haust 2021 - vår 2022. Prosjektet har ei økonomisk ramme på 4,5 millionar kroner og søkjar ber om 1,5 mill. kr frå Vestland fylkeskommune og 1 mill. kr frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Målet med prosjektet er å auke verdiskapinga og den positive effekten for Vestlandet samla sett, med særleg effekt for det regionale næringslivet i Stad, Kinn og Vanylven.

Aktivitetar i forprosjektet

I første omgang vert det søkt støtte til ei forstudie, der hovudaktivitetane er å:

1. Kartlegge, engasjere og mobilisere nøkkelinteressentar

2. Innhente kunnskapsgrunnlag som viser korleis ein best kan jobbe med dei ulike innsatsområda
3. Visualisere moglege utviklingsscenario for lokalsamfunn, reisemål, næringsliv og andre samfunnsområde
4. Konkretisere mål, innsatsområde, tiltak, organisering og finansiering av vidare utviklingsarbeid

I søknaden er det ført opp følgjande kostnader i forstudien (haust 21 - vår 22):

Aktivitet	Kostnad
Prosjektleiing	1 500 000
Innkjøp av kunnskapsgrunnlag	1 000 000
Visualisering og kommunikasjon	700 000
Arrangement og samlingar	300 000
Ressursbruk Stad kommune	500 000
Ressursbruk Vanylven kommune	250 000
Ressursbruk Kinn kommune	250 000
SUM	4 500 000

Finansieringskjelde	Beløp
Vestland fylkeskommune	1 500 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	1 000 000
Stad kommune	500 000
Vanylven kommune	250 000
Kinn kommune	250 000
Andre bidrag (bankar, stiftingar etc.)	1 000 000
SUM	4 500 000

Eigeninnsatsen til kommunane er ført opp til å være delt mellom reine midlar og tidsbruk, men heile summen inngår på kostnadssida.

Prosjektet skal vere styrt av ei styringsgruppe, samansett av dei tre kommunane, dei to fylkeskommunane og evt. andre relevante aktørar som Kystverket og Fjord Norge. Det er ikkje konkludert med kven som skal eige prosjektet og leie styringsgruppa. Framdrifta skal sikrast av ein prosjektleiar og nokre delprosjektleiarar, organisert i ei prosjektgruppe.

Vurdering

Vestlandsrådet presenterte i juni 2021 framlegg til ein ny felles næringsstrategi for Vestlandet. Der er den overordna ambisjonen å bidra til ei berekraftig utvikling i næringslivet på Vestlandet. For å oppnå dette er ein av strategiane å styrke grunnmuren for næringsutvikling. Satsing på felles næringsfremmande tiltak og meir samhandling er medisinen.

Stad skipstunnel er eit infrastrukturprosjekt som i fysisk forstand vil knyte Vestlandet tettare saman. Dette prosjektet har som mål å realisere effektane av ein tryggare sjøveg langs kysten, og gjere Stad skipstunnel til noko meir enn eit spektakulært hol i fjellet.

Fylkeskommunane har også i fleire prosjekt tidlegare gitt støtte til utgreiingar knytt til Stad skipstunnel. Det er no vedteke at tunnelen skal byggjast, og prosjektet vil sikre at effekten av arbeidet blir optimal. Då er det viktig at forstudien blir så god at vidare arbeid kan byggjast på kunnskapen prosjektet produserer.

Ulike omsyn å ta i arbeidet.

Slik prosjektet er skissert består det av fleire ulike element, som krev litt ulik tilnærming.

Søknaden omtaler byggverket som eit internasjonalt reiselivsikon. Vidare at tunnelen vil vere svært viktig for transport av både folk og gods i området. Avdelingsdirektøren er samd i at Stad skipstunnel vil opne for eit heilt nytt grunnlag for transport, og vere eit viktig bidrag til å flytte gods frå land til sjø.

Når det gjeld reiselivseffekten meiner avdelingsdirektøren at denne først og fremst er knytt til transport og dei mulighetar som opnar seg her. Og ein er litt i tvil om tunnelen vil ha ein stor internasjonal effekt som reiselivsikon i den forstand at det er denne som dreg folk til Norge. Skal ein få god verdiskaping frå reiselivsnæringa som ein effekt av tunnelen må det også gjerast omfattande stykke arbeid for å styrke og koordinere tilgangen på aktivitetar og tilbod på land.

Stad skipstunnel som eit middel for å gjere lokalsamfunna meir attraktive, og denne effekten er vesentleg for kommunane. Forprosjektet vil sjå nærare på moglegheita for korleis denne effekten kan løysast ut.

Arbeidet med bygginga vil også produsere store mengder overskotsmasse og det ligg også moglegheiter for bygg- og anleggsnæringa i området både med tanke på kompetanseutvikling og sysselsetting - og moglegheiter for realisere andre prosjekt med overskotsmasse.

Økonomien i prosjektet

Søknaden er ambisiøs for ein forstudie. Budsjettet er på heile 4,5 mill.kr, og arbeidet skal vere ferdig våren 2022. Eksterne kostnader er lagt til fylkeskommunane og andre bidragsytarar. Avdelingsdirektøren rår derfor til at budsjettet blir tilpassa ein forstudie og det vert føresett at kommunane bidreg med finansiering og bidrag av timar. Søknaden seier at kommunane bidreg med begge deler, men dei same tala er også å finne på kostnadssida i budsjettet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort vedtak om å løyve kr 500 000 til prosjektet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune bidreg med minst like mykje.

Avdelingsdirektøren legg seg på same linje som Møre og Romsdal, og legg til grunn at Vestland fylkeskommune kan gå inn med kr 500 000. Og Vestland kan gjerne vere med i ei styringsgruppe for prosjektet.

Det har lenge vore arbeida med planlegging, forankring og godkjenning av tankane om Stad skipstunnel. No som det er gitt grønt lys for arbeidet, er det viktig å sikre at den regionale og lokale effekten blir tatt ut. Både arbeidet med bygginga, og bruken av den ferdige tunnelen er viktige bidrag til næringsaktivitet og samfunnsutvikling i området.

Konklusjon

Avdelingsdirektøren går inn for at Vestland fylkeskommune løyver kr 500 000, under føresetnad av at dei tre kommunane i prosjektet også går inn med midlar.

7. Søknader om midlar til konferansar

Vi har fått nokre eksterne søknader om midlar til konferansar. Ein kan nok ikkje vente at fylkeskommunen skal støtte alle initiativ om konferansar. Og tida med covid 19 har lært oss at svaret ikkje alltid er ein tradisjonell konferanse. På den andre sida kan det vere konferansar som treff godt med det som fylkeskommunen skal fremme saman med dei som vi samarbeider med. Vi går her ikkje inn på kvar søknad. Men legg til grunn at det vert sett av inntil kr 500 000 som kan nyttast til å støtte konferansar. Og at fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å disponere desse midlane.

8. Midlar til mindre søknader

I denne saka har vi omtalt større søknader. Vi legg til grunn av mindre søknader kan behandlast administrativt. Og at det kan setjast av 200 000 kr som fylkeskommunedirektøren kan disponere.

9. One Ocean - tilskot til formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass - Akvariet i Bergen

Bakgrunn for saka

Akvariet i Bergen har søkt om tilskot til formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass/jordomsegling.

Nærmare om søknaden - kort omtale - utdrag av søknad

«Formidlingen fra fartøyet til resten av verden skal gjøres på mange måter. Det skal være intuitivt og spennende å følge ekspedisjonen på hjemmesiden, i sosiale medier og gjennom produksjoner som gjøres for og av media. I tillegg har formidlingskomiteen etter beslutning i hovedkomiteen iverksatt etablering av et live-senter på Akvariet i Bergen. Prosessen med å klargjøre areal, sikre infrastruktur og planlegge innhold er godt i gang. Da dette er et stort spleiselag og finansiell bæreevne for Stiftelsen Akvariet er begrenset, er det behov for ekstern finansiering av live-senteret. For å realisere formidlingen fra One Ocean ekspedisjonen trengs det investering i utstyr og konsepter. Det må også frigjøres fysiske arealer for å gi plass til et live-senter. Ombyggingen av

Storsalen (300m²) med flytting av tidligere utstillinger på Akvariet er i gang, og Akvariet bærer hoveddelen av kostnadene av dette forberedende nødvendige tiltaket. For å sikre at utrusning er på plass, er testet og fungerer med seilskipet, så er neste fase iverksatt. Neste fase inkluderer oppbyggingen av live-senteret, med anskaffelse av live-360 kamera, Dome for visning, oppbygging av en scene med tilhørende infrastruktur og et egnet akvarium for fremvisning av arter fra verdenshav der seilskipet er til enhver tid. Det er også hentet inn pristilbud på formidlingsteknologi for forskningen som skal gjøres ombord, som skal gjøres tilgjengelig på live-senteret. Fremdriften i forberedelsene er god, og beslutninger tas, slik at vi holder fremdriftsplanen og er klare i august.»

Vurdering

Søknaden omhandler ei unik hending, jordomsegling med Statsraad Lehmkühl, og formidlinga av denne. Initiativet er klart forankra rundt berekraft og marine og maritime tema. Det er vidare venta at det vert god marknadsføringseffekt for Norge som nasjon og for verksemdar som leverer til ekspedisjonen.

Vi syner til retningslinjer for virkemiddelbruk for innovasjon og næring som skal sikre målretta bruk av midlane og mest mogleg sams sakshandsaming - der det vert rådd til at prosjekt skal ha utløyssande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjektet ikkje vil bli gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen - eller i mindre grad utan tilskot frå fylkeskommunen.

I denne saka er prosjektet på noverande tidspunkt godt etablert etter det vi kan sjå. Det er elles formelle sider ved ei støtte som vi bør vurdere litt nærmare. På bakgrunn av dette gjer vi ikkje noko endeleg vurdering av denne søknaden i denne saka, men kjem snarleg tilbake til hovudutvalet med ei sak.

Konklusjon

Søknaden frå Akvariet i Bergen vert vurdert nærmare i ei seinare sak til hovudutvalet.

10. Avsluttande merknader

Gjennom denne saka har vi hovudsakleg gjort vurderingar kring søknader som har kome inn utanom etablerte søknadsordningar. Og gjennom denne saka disponerer ein 8 mill kr. Dei resterande 2 mill kr vert å disponere av hovudutvalet i form av ei seinare sak. Vi syner i den samanhengen til omtale av One Ocean - søknad om midlar til formidling av Statsråd Lehmkühl sin havseglas. Vi kan ikkje sjå at vi har nemneverdig med fleire eksterne søknader utanom etablerte søknadsordningar. Men vi har m.a. ein del eigeninitiert innsats som vi ikkje har finansiering på enno - der skal arbeide tett saman med samarbeidspartnerane våre for å løyve utfordringar i Vestland. Eitt døme på dette er den forsterka innsatsen innan marin sektor, innsats for berekraftig havbruk.